

Vidar Lunde
Radøyvegen 988a
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6730 - 22/71190

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2022

Stadfesting på motteken søknad – GBNR 470/1 Lunde

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.09.2022 og saka har saksnummer 22/6730.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

| Sakstype | Tidsfrist |
|--|-----------|
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan. | 12 veker |
| Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5. | 12 veker |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og | 3 veker |

| | |
|---|----------|
| arbeidet kan setjast i gang. For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. | |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve. | 12 veker |
| Søknad om igangsetting | 3 veker |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk. | 3 veker |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden. | 3 veker |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.
Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Regelverk

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7.

Lengre frist kan avtalast, jf. pbl § 21-8.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vidar Lunde

Radøyvegen 988a

5938

SÆBØVÅGEN